

Til: Utdannings- og forskningskomiteen
Fra: Norsk Industri
Kopi:
Dato: 21.10.2021
Sak: **Forslag til statsbudsjettet 2022 – utdanning og forskning**

Innleiing

Norsk Industri er i hovudsak nøgd med forslag for statsbudsjett 2022. Vi støtter dei tiltaka NHO foreslår i sitt høyringssvar, men vil her peike på tiltak som vi meiner bør setjast i verk for å sikre unge læreplass og sikre industrien i distrikta arbeidskraft, styrke handelsbalansen og redusere miljøutslepp.

Meir praktiske ferdigheiter i grunnskulen

Vi registrerer at ungdommen no til dags manglar praktiske ferdigheiter som førige generasjon hadde. Det er nok mange årsaker til dette. Dette er eit bærekraftsproblem, ikkje berre ettersom vi kaster meir. I tillegg så vil færre unge få oppleve gleda ved å skape fysiske produkt. Evna til å kunne omsette teori til praksis er fundamental evne i industriell produksjon, og vi trenger å vekke denne interessa hos fleire unge.


Norsk Industri helsar her velkommen tiltak for meir praktiske ferdigheiter i grunnskulen som står i Hurdalsplattformen, og vi ser gjerne at ein kjem i gang med desse i budsjettåret 2022, og då gjerne kobla opp mot bærekraft.

Industrien manglar lærlingar

Norsk Industri har kartlagt behovet for nye klassar i VG2 Industriteknologi og VG2 Kjemiprosess og laboratoriefaget – sjå vedlagt kart. Vi spurte opplæringskontora om det, basert på etterspørsmålet etter lærlingar, er behov for fleire klassar. Svaret er at det manglar 25 klassar totalt. Med 20 elevar i kvar klasse blir det 500 lærlingar årleg. I tillegg er det meldt inn behov for halve klassar og klassar i andre mindre VG2-fag.

I tillegg kommer nye industrialsatsingar ref. storskala battericelleproduksjon og industriell aktivitet i en komplett batteriverdikjede. Dette kommer i tillegg til nye industrielle satsingar i Norge, eksempelvis innan helseindustrien, hydrogen- og mineralnæringen.

Figur 1 Oversikt over stader som manglar lærlingar frå VG2 Kjemiprosess og laboratoriefaget (Vg2 Kjemiprosess i figur) og VG2 Industriteknologi (kjelde: Opplæringskontora for industrifag og Norsk Industri)



Ei av årsakene til at vi ikkje får tak i lærlingar er at mange fylker i praksis har outsourca arbeidsmarknadsanalyser og kompetansepolitikk til dei som er 15 år. Alle søkerar har krav på eitt av tre førsteval, men i fleire fylker, er målet at flest mogleg skal få gå på førstevelet sitt. Rådgivinga på ungdomsskulen er tilfeldig, og søkerar til f.eks. elektrofaget får i mange tilfelle ingen advarsel om at ein av fire vil stå utan lærepllass, og ein overlet såleis ansvaret for å finne ei utdanning som gir jobb til den einskilde ungdom med føresette.

Situasjonen er då at unge med t.d. to år elektrotutdanning ikkje får lærepllass, medan industrien ikkje får tak i nok lærlingar. Dette gjer det vanskeleg å sikre lokalt tilsette ved hjørnesteinsbedrifter i heile landet, og det stikk kjeppar i hjula for unge som vil ta ei utdanning som gir lærepllass og jobb lokalt.

Dagens politikk er ikkje bærekraftig, verken for unge som blir tilbuddt utdanningsar det i praksis ikkje er mogleg å fullføre, for hjørnesteinsbedriftene lokalt som treng meir arbeidskraft eller for den grøne omstillinga av industrien, der ein treng fleire fagarbeidarar.

Tre tiltak

1. Rekruttering. Meir praktiske ferdigheter i grunnskulen, kombinert med andre rekrutteringstiltak både nasjonalt (f.eks www.velgteknologi.no) og lokalt vil bidra til fleire søkerar.
2. Rådgjeving. Kommunar og fylker bør leige inn opplæringskontora til å informere klassevis og rådgje individuelt når det gjeld yrkesfag. Dei har både kompetanse og kapasitet til å påta seg denne typen oppgåver.
3. Dimensjonering. Det er i dag ei ordning (Y-nemndene), der arbeidslivets parter melder inn behovet for lærlingar, men problemet er at fylkene ikkje er lydhøyre nok,

og legg andre omsyn enn næringslivets behov og dei unge sin moglegheit til å fullføre ei utdanning til grunn.

Eit anna aspekt er at det med dagens dimensjonering er vanskeleg å finne årsakene til at unge ikkje får lærepllass. Dersom ein greier å harmonere etterspørsel/tilbod betre for lærlingar vil ein i større grad kunne avdekke dei reelle årsakene, og såleis bli meir treffsikker på tiltak.

Budsjettet

Dagens politikk fører til store kostnader når det gjeld å gjennomføre VG3 i skule. I budsjettet er det satt av 256 millionar til dette. Problemet er at ein med eit slikt fagbrev utan praksis frå arbeidslivet stiller bakarst i køen når det gjelder å få jobb. Dette vert forsterka når årsaka til at ein tar VG3 i skule er at det ikkje er behov for fleire lærlingar i bransjen. Gitt dagens situasjon er det positivt at det er satt av 112 millionar til tiltak for at personar med studiekompetanse eller eit fagbrev kan få tilbod om å ta eit fagbrev, men truleg kunne ein også redusert denne potten med tiltak som gav fleire lærlingar for industrien.

Industrifagskolen treng utviklingsmidlar, ikkje bare driftsmidlar

Bransjeprogrammet for industri og bygg var det første bransjeprogrammet som vart oppretta i 2019. Etter tre år med finansiering er ikkje programmet med i budsjettet for 2022. Gjennom Frontfagsoppgeret vart ordninga med Industrifagskolen oppretta. Gjennom ordninga er det på budsjettet for 2022 satt av 39 millionar kroner i driftsmidlar, noko vi meiner er tilstrekkeleg. Det som likevel manglar er rammer for å utvikle nye tilbod.

Vi ber Stortinget om å løyve midlar til utvikling, enten gjennom ei vidareføring av bransjeprogrammet, eller gjennom ei anna ordning som sikrar utviklingsmidlar. Vi vil anslå at behovet for utviklingsmidlar er om lag 5 millionar kroner i 2022.

Opprette Industriuniversitet som omstillingsmotor

Norsk Industri organiserer 3000 industribedrifter med 60 000 fagarbeidrarar og 60 000 funksjonærar. Norsk Industri og NITO har i 2020 og i 2021 samarbeidd om å utvikle korte utdanningsløp til leverandørindustrien (bransjeprogram for olje- gass leverandørindustri) og til verftsindustrien (bransjeprogram for maritim næring).

Norsk Industri sine medlemsbedrifter og NITO-medlemmer treng fagleg påfyll skal industrien styrke konkurransekrafta og omstillingsevnene. Gjennom ordninga "Kompetanseløft for utsatte industriklynger" jobbar vi no (hausten 2021) med å opprette fleire korte modular innan kvart av desse felta: batteri-, havvind- og prosessindustri. Det er ikkje satt av midlar til dette i budsjettet for 2022.

Norsk Industri ber Stortinget sette av midlar til å opprette eit "Industriuniversitet" som ei ordning tilsvarande som Industrifagskolen. Industriuniversitetet vil vere eit utdanningstilbod som er utvikla og finansiert gjennom partssamarbeid, og som blir tilbuddt av universitet og høgskular. Målet med ordninga må vere at industrien i heile landet, får tilgang til korte utdanningsløp på universitet/høgskulenivå som gir auka produktivitet og omstillingsevne. Det er også viktig at tilboda blir gitt desentralisert og ikkje berre på campus.

Vi foreslår at det blir satt av 50 millionar kroner til ei slik ordning i 2022. Dette vil på ein effektiv og treffsikker måte gi 2000-3000 funksjonærar og industribedriftene dei representerer auka produktivitet og omstillingsevne.